



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Samfunnsutvalet
Møtestad	Formannskapssalen
Dato	15.04.2026
Tid	Kl. 09:00 - 10:30

Følgjande medleamar møtte

Kristin Sælen
Marit Elisabeth Larssen
Olav Klungre
Runar Stensaker Kleppe
Tord Hafnor

Frå

AP
SP
KRF
H
MDG

Forfall/møtte ikkje

Alf Erik Røyrvik
Anders Felde

Frå

V
SP

Følgjande varamedlem møtte

Per Rune Vereide

Frå

SP

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
016/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
017/26	Referat og orienteringssaker
018/26	Forlenging av den overordna forvaltningsplanen for hjort i Gloppen kommune og tilhøyrande storvaldsplanar
019/26	Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet
020/26	Oppfølging av klimaplan, miljøsertifisering og klimarekneskap
021/26	Renovering garderobar Breim skule - investeringsmidlar
022/26	Søknad om tilskot frå Ensemblet NordLys
023/26	Fordeling av investeringar tilhøyrande kommunale vegar i 2026
024/26	Gapahuk på Vereide - Søknad om utsett iverksetting av vedtak

016/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 016/26 Vedtak

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

017/26: Referat og orienteringssaker

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

- Fortau Sandane - Storebru. Kommunen har hatt møte med vegeigar Vestland fylkeskommune. Det vart orientert om framdrift i plansak og behov for politisk innsats mot fylkeskommunen. Fylkeskommunen legg opp til høyring og orientering til Samfunnsutvalet 2. september 2026. Tiltaket er ikkje prioritert med midlar til gjennomføring.

- Kommunen har motteke tilskot til KDP Naturmangfald på kr 400 000. Planen må ferdigstillast i 2028. KDP Naturmangfald skulle etter planstrategien gjennomførast i 2025-26. Administrasjonen vil utforske om det er mogleg å gjennomføre arbeidet som temaplan i samband med kommuneplanens samfunnsdel.

- Kommunedelplan for frivillighet skal gjennomføre folkemøte i Hyen 16.04, Breim 23.04., Sandane 27.04. Opning for å arrangere fleire stader dersom det er ynskt frå grendalag, men ikkje fått

tilbakemelding. Marit Elisabeth Larssen (Sp) hadde innspel om at slike folkemøte bør arrangerast ute i grendene og dersom det ikkje er opning for å arrangere fleire møter, bør det alternere kor det blir prioritert.

- Detaljregulering for Fjordfronten Sandane sentrum er innlevert. Det blir kallt inn til ekstra møte i samfunnsutvalet for å vedta utlegging på høyring. Forslag til tentativ dato for ekstra møte er etter kommunestyret 29.04. klokka 14.00.

- Som oppfølging av vedtaket i kommunestyret har kommunen har invitert dei største eigarane av parkeringsareal og GN til dialogmøte om parkeringsordning komande torsdag.

- Marit Elisabeth Larssen (Sp) stilte spørsmål om status for Byrkjelo næringspark. Kommunalsjef for Samfunn og berekraft informerte om at det bli gjennomført ein emisjon for å finansiere vidare planlegging.

SAMF- 017/26 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka

018/26: Forlenging av den overordna forvaltningsplanen for hjort i Gloppen kommune og tilhøyrande storvaldsplanar

Kommunedirektøren si tilråding

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 3 og 16, vedtek Samfunnsutvalet at den overordna forvaltningsplanen for hjort 2024-2026 i Gloppen kommune, samt alle dei fleirårige planane til storvalda i kommunen, blir gjeldande ut 2027.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

Sasbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 018/26 Vedtak

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 3 og 16, vedtek Samfunnsutvalet at den overordna forvaltningsplanen for hjort 2024-2026 i Gloppen kommune, samt alle dei fleirårige planane til storvalda i kommunen, blir gjeldande ut 2027.

Samrøystes vedteke

019/26: Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel: Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er ikkje mogleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen

på regionalt nivå.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkingsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungfokker, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

Justering av tekst, framlegg frå Per Rune Vereide, Senterpartiet
Første avsnitt - endre er "ikkje mogeleg" til "svært utfordrande".

Saksbehandlar deltok under behandling av saka

Endringsforslag frå Per Rune Vereide (Sp) vart vedteke samrøystes

SAMF- 019/26 Vedtak

Gloppen kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel: Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er svært utfordrande å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkingsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungfokker, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Samrøystes vedteke

020/26: Oppfølging av klimaplan, miljøsertifisering og klimarekneskap

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.
2. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.

3. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 020/26 Vedtak

Kommunestyret tek status for oppfølging av kommunedelplan for klima og miljø 2024-2030 til vitande.

1. Kommunestyret tek status for Miljøfyrtårnsertifisering av Gloppen kommune til vitande.
2. Kommunestyret tek klimarekneskap for Gloppen si kommunale verksemd for 2025 til vitande

Samrøystes vedteke

021/26: Renovering garderobar Breim skule - investeringsmidlar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 021/26 Vedtak

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Samrøystes vedteke

022/26: Søknad om tilskot frå Ensemblet NordLys

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet støttar søknaden frå Ensemblet NordLys med kr 15 000.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 022/26 Vedtak

Samfunnsutvalet støttar søknaden frå Ensembled NordLys med kr 15 000.

Samrøystes vedteke

023/26: Fordeling av investeringar tilhøyrande kommunale vegar i 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet godkjenner fordeling av investeringsmidlar tilhøyrande kommunale vegar slik det går fram av denne saksutgreiinga.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 023/26 Vedtak

Samfunnsutvalet godkjenner fordeling av investeringsmidlar tilhøyrande kommunale vegar slik det går fram av denne saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke

024/26: Gapahuk på Vereide - Søknad om utsett iverksetting av vedtak

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.

Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

Tord Hafnor (Mdg) bad omå få vudertsnhabilitet fordi kona hans er styremedlem i barnehagen. Tord Hafnor vart samrøstes vurdert til ikkje å være innhabil.

SAMF- 024/26 Vedtak

Kommunestyret støttar Nordstranda barnehage sin søknad om utsett iverksetjing av vedtak om fjerning av gapahuk på Vereide.

Kommunestyret sender vedlagt uttale til Vestland fylkeskommune slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke